

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 2

Arna Februar 1972

5. årgang

Når eg er maktlaus, då er
eg sterk —

Yverskrifti lydest meiningslaus. Vesal, maktlaus — og so styrke. Det er langt imilom og skal ikkje då heller nemnast i same andedrag. Likevel er dette gjort og setningen er å lesa i 2. Kor.br. 12 attåt denne som no fylgjer: «For det er i maktløysa mi kraft når målet sitt». I det gamle Hellas nemnde dei slik tale for «para doksa», men det vart og til det at dei lydde endå betre etter. Kanskje det var ei god meining attum likevel. Og den gode meiningi kjenner me. Han som forma ordi var mykje sterk. For han hadde mykje å stø seg til. God slekt, godt vit og utdanning. Men den styrken var ikkje den Herren ville byggja på. Han ville syna sin styrke og den kjem klårast fram hjå dei som ingen styrke hev. «Eg formår alt i Han som gjev meg styrke», når eg vert ille medfaren, i naud, forfylgjing og i trengslor. Tagg for kjøtet laut han bera for aldri å gløyma: «Min nåde er nok åt deg».

Og so skriv eg då ned desse ordi til kyrkjelyden. Eg tenkjer helst på småfolki. Dei som ikkje kan berga seg med tunga si eller ålbogen sin eller med kunnskapen sin. Men klær seg i Guds herbunad og vert standande etter å ha vunne yver alt.

Generasjonane møtest

Atterljom frå misjonsfest på Garnes 30/1.

Det er denne «misjonsfamilien» som ikke forneker sig. Jeg er glad for å ha fått være med her idag både ved innvielsesgudstjenesten iformiddag og nu her ikveld på festen. Denne dagen har jeg ventet på, ja ventet lenge.

Første gang vi møttes Oddvar Mestad, var hjemme i stuen hos din mor. Jeg kom for å besøke kvinneforeningen der for første gang og du var bare en liten gutt sammen med dine 2 brødre. At jeg siden ikke har kunnet glemme dere gutter og hjemmet deres er noe jeg ikke kan komme inn på her.

Så møttes vi igjen neste gang på misjonsleir på Kvamshaug. Du var nettopp ferdig med artium og skulde være med som leder og jeg som misjonær. At det virkelig er over 10 år sidan er nesten ikke til å tro.

På disse misjonsleirene møte vi ofte barn og ungdom som vi senere treffer igjen i misjonsarbeidet ute og hjemme. Det har vært festlig og noe som varmer en misjonærs hjerte.

På denne leiren på Kvamshaug for mere enn 10 år siden, var det noen av lederne og

deriblandt du som en kveld ville ta en tur ned til Framnes på den nordiske sommerskolen der og jeg fikk også være med. Den kvelden var det tale om Guds kall. Om emnet var: «Mesteren er her og kaller på deg» eller «Hvem skal jeg senne og hvem vil gå», husker jeg ikke, men det var *kallet* det gjaldt. Etterpå spurte lederen om der var noen i flokken som hadde møtt Guds kall og vilde tilkjennegi det ved å reise seg. Du Mestad reiste deg og på spørsmål svarte du så overbevist og frimodig at du hadde fått kall fra Gud til å bli misjonær. Uten kommentarer står lederen, en eldre troeshøvding, der og sier: «Gud velsigne deg!» Jeg tror denne velsignelse har fulgt deg siden. Jeg blev så grepet og glad for kveldens opplevelse og har ikke kunnet glemme den eller deg. Vi møttes ikke etter denne leiren før idag. Når jeg møtte din mor spurte jeg alltid etter deg så jeg visste du holdt frem med dine planlagte studier. De siste årene turde jeg nesten ikke spørre din mor om hvordan det gikk, det var jo dette med misjonskallet og årene gikk, jeg hørte ikke mere og der er så mye som kan forandres.

Derfor blev jeg så glad da jeg hørte kretssekretæren opplyse i radio at dr. Mestad og frue skulle invies til misjonstjeneste i Kamerum i Arne kirke. Og som misjonær eg jeg glad for å ha fått være med ved innvielsen deres idag.

Så er det vidunderlig å vite at «Jesus Kristus er igår og idag den samme, ja til

evig tid,» for dere unge som nu skal ta fatt på misjonsgjerningen som for oss som er ved avslutningen. Når arbeidet og forholdene blev vanskelige og fristet til motløshet, var det *vissheten* om at det var *han*, Jesus, som hadde kalt meg, som ga styrke og frimodighet til å fortsette gjerningen der jeg var satt. Og som vi hørte i kirken idag er det det som også gir dere to frimodighet til å gå.

Jeg vil ønske dere det beste jeg vet: Guds velsignelse! for Gudsvelsinelse gjør rik.

Så takker jeg for at jeg fikk være med dere idag. Gud være med dere!

Minni Dahle

»Varsler om dommedag»

Dette er tittelen på eit lite songhefte eg hev, utgjeve av Peder Rolland.

Han var fødd på Rolland i Haus sokn på Osterøy i 1827. I ungdomen reiste han til Bergen og vart handelskar der. Seinare tok han til som bokhandlar og skipa eige forlag. Det var mest religiøse skrifter han gav ut, so som: «Det gylne klenodie», «Varsler om Dommedag», «Sions Juleharpe» m.fl. Dessutan ymse viser, som «Sterhodervisa» og «BastaNilsvisa». Eg hev set skrive, at desse to visene skulde vera mest seld av det han gav ut. No kjenner ikkje eg til kor mange opplag visene kom i. Men dette songheftet eg hev, er av ellefte opplag. Det hev undertittelen «Aandelige Sange, samlede af P. Rolland», og kom ut i Bergen 1868, 2 år etter han døydde. Då var det F. Beyers forlag som gav det ut, trykt hjå J. D. Beyer. Dette, at Beyer gav ut heftet etter Rolland døydde, skulde tyda på at det vart mykje seld.

Rolland er so smålåten, at han segjer songane er «samlede af P. Rolland». Og i

I min forretning
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

Kleiveland
URMAKER

5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

ellefte opplag står «Forfatteren Forord til andet Oplag». Det skulde vel stå «Udgiverens Forord», var det ikkje han sjølv som skreiv songane. Og legg som merke til kva som står i «Forordet». Eg tek det heile med her:

«Da første Oplag allerede paa en Tid af 4 Uger var bleven udsolgt, og Efterspørgselen er stor, anses jeg det for min Pligt at lade foranstalte et nyt Oplag, der er forøget med nogle nye Sange. — Maatte da disse fra en læg Mand udaandede Hjertekvad ogsaa være et lidet Middel i Herrens Haand til at vække en og andre dyrekjøbt Sjæl, medens det hedder i dag: Herren hjælpe os i sin Naade at søge oprigtigt og uden Hykleri vor Frelse i Jesu Kristi Fortjeneste; thi «der er intet andet Navn, hvorved vi kunde vorde frelste» Himmelske Fader; du som er den store Dommer, hvis Ankomst disse Kvad bebude, lad din Aand ledsage Ordet i Jesu Navn!

Bergen, 1ste Juli 1859.»

Sjå nærare på kva som står her: «Maatte da disse» o.s.v. Dette skulde vel endå sterke streka under at det er Rolland sjølv og ingen annan som hev skrive songane.

Og merk so den inderleg, varme tonen han brukar. Me veit dei gamle var flinke å ordleggja seg i høgtidelege vendingar. Men eg trur ikkje me hev lov å tru anna enn at dette er skrive «uden Hykleri.»

«Varsler om Dommedag», ja. Mange vert redde og toler lite at den dagen vert nemnd. Me skal ikkje undrast på det. Me som trur oss frelste i Jesu blod, me ottast ofte ogso den dagen. Me fell so mang ein gong og strekk ikkje til, som me so gjerne vilde. Og so kjem tankane; korleis skal dette gå på dommedag? Men Guds vere lova! Der er so mange lovnader i Hans ord um, at når me trur på frelsa i Jesus Kristus og kjem til

han i dagleg umvending, då kjem me på den rette sida. For Han ropar ut: «Kom til meg alle som er trøytte og hev tungt å bera! Hjä meg skal de få kvile» og «Den som kjem til meg, skal eg sovisst ikkje støyta burt.»

Det hev vore tala um dommedag so lenge, men han er no ikkje komen enno, er det mange som tenkjer, og roar seg med det. Sant nok, men ein ting er visst, han kjem. Men om det vert i morgon eller um hundre eller tusund år, er for oss det same. Me må ha ordna med vårt evige tilvære medan me lever her. Ingen veit når hans dagar er talde. Difor hastar det. Stå ikkje mot Guds kall til det er forseint! Du kan stå mot so lenge til du inkje kall får meir. Difor: «Medens det kalder i dag!»

Som ein prøve, sender eg her fyrste songen i heftet. I det heile er der 33 songar, dei fleste med eit inderleg kall til umvending. Um bladstyraren eller nokon annan ynskjer der, kan eg gjera eit utval og senda inn fleire av songane.

M. V.

Herrens dag kommer

som en Snare over alle dem som bo
paa Jorden (1 Petri 3, 10)

Mel.: Hvo ikkun lader Herren raade.

Ak Menneske! det er paatide Vort Endeligt betænke nu. Thi naar Gud kalder, vi ei vide, Lad os betænke hvilken Gru, Om Troens Oljekrus var tom, Naar Dommeren i Skyen kom.

Guds Øine er som Ildens Lue, Hjerter og Nyrrer ser han grandt; Hvert Ord og Tanke kan han skue, Hos han ei Hykler Naade fant. Vil du i Bryllupssalen gaa, Da tag først Bryllupsklæder paa.

Paa det, naar Kongen selv indtræder For sine Gjæster at bese, At ei i egen Rett-færdsklæder Vi pryde os til evig Ve, At Kongen ei befale maa, Vi kastes skal i Mørkets Vraa.

Hvor der er Jammer, Ve og Klage og Tænders Gnidsel ligesaa, Hvorfra der ei er Sti tilbage, En Evighed der skal hengaa; Ak lær os Gud at kjende ret, Hvor Naadens Time, bruges slet.

Thi vi til Ragnskab Alle kaldes, Det blir en stor og rgitig Gang, O at vi da iblandt dem taltes, Som evig synge Lammet's Sang, Og her betænke Tiden vel, At Fred vi finde for var Sjæl.

Thi denne Reise bliver vigtig, Paa Dødens eller Dommens Dag. O bruger Naadens Tid forsigtig, Forsent naar Dødens kolde Slag, Dig rammer med sin sikre Haand, Adskiller Legeme og Aand.

Vor Skoletid for Himmerig Den varer kun en liden Stund. Som vi har saaet her i Live, Vi høste skal af samme Grund, Titusind Pund vor Gjæld vist er; Betal du den, vor Frelser kjær

Lad os med Tolderen anraabe, Og for Guds Ansigt falde ned, Som han i Bønnen kjæmpe, haabe, Til Herren gjør Barmhjertighed; Gud Fader gjør for Jesu Blod Os rene i din Naades Flod.

M. V.

Åremål

Kvinneforeningen i Arna for M.F. høg-tidar 40 årsjubileum no i fasta. Likeeins Kvinneforeningen for Samemisjonen høg-tidar 50 årsjubileum 23/2 i Bårstovo.

Indremisjonen på Haugland hadde sitt 50 årsjubileum 20/2.

Så sliten, så sliten

Men det har han lov å vera.

Desse ordi lyder jamt i stovene når me fyl med idrottstemnene våre. 5 mil på ski, 10 tusen m. på skeiser. Siste-runden no — det gjeld å gjeva siste kreftene sine. Stilen er ikkje lenger so flott, men det skal ein heller ikkje vera etter slikt hardt laup. Du gjorde det du kunne, me har kje' lov å venta meir. Og då lyder ordi: «Så sliten, så sliten» som venleg oppmuntring. Me har ikkje lov å venta meir.

Same oppmuntringsord kunne me bera fram til andre med om me ikkje nett fann dei på isen eller i skiløypene. Til bonden i hans edle strid, til arbeidsmannen, til husmori i hennar strev.

Men når eg no skriv so finslegt er det ikkje for å klappa alle nemnde på kinn, berre husmødrene våre. Der er mange rundar å gå i jamnt tempo og kreftene minkar etterkvart. Det er lite att no i innspurten.

Men det skal ikkje vera berre med klapp og fagre ord. Nasjonalforeningen av helse-lag og Arna helselag vil gjerne få syna vyrdnad og hjelp til nokre husmødrer i Arna. Me vil senda nokre på sumarferi i juni månad, ein fjorten dagars tid. Opp til Voss til ungdomsskulen der. Det vert fint matstell, gilde rom. Når eg nemner dette no so tidleg, er det for yversynet og fyre-buingane si skuld. Ferien vert i juni månad og for helselaget vert det ei gleda å kunna turen gratis. Du kan melda frå til prest eller klokkar eller direkte til Arna helselag og for helselaget vert det ei gleda å kunna senda ein liten tropp til Voss når sumaren kjem.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

- 25.12. Cato, foreldre: Meyer Gustav Eilertsen og Ruth Bergljot f. Andersen.
 25.12. Kåre Olav Seglem, for.: Kåre Norheim og Solbjørg Synnøve f. Seglem.
 25.12. Kija for.: Thor Indrearne og Brit Songstad f. Kårlsen.
 30.12. Anne Karin Knudtson, for.: John Oddvar Jensen og Vigdis Karin f. Knudtson.
 9.1. Gro, for.: Ivar Helge Berge og Marta f. Gloppen.
 9.1. Karen, for.: Geir Rune Larsen og Astrid f. Istad.
 2.1. Kathrine, for.: Kåre Harry Askeland og Betsy f. Trengereid.
 15.1. Hilde, for.: Kåre Leon Bognøy og Rigmor f. Turøy.
 15.1. Trond, for.: Norvald Kåre Herland og Gulli f. Sagen
 15.1. Torbjørn, for.: Bjarne Sæterbø og Torild Irene f. Moldekleiv.
 15.1. Tore, for.: Leif Ulrik Iversen og Henry f. Andersen.
 23.1. Erling, for.: Torolf Selberg og Lilly f. Johansen.
 23.1. Jan-Erik, for.: Kjell Einar Johnsen og Gunvor f. Oldebråten.
 23.1. Kari, for.: Einar Johan Bjørkås og Tordis f. Tveiterås.
 29.1. Frode, for.: Svein Ramsdal og Ellen f. Mjelde.
 29.1. Andre, for.: Asbjørn Kvernrød og Liv f. Alfredsen.
 29.1. Jan Tore, for.: Jan Veland og Turid f. Sæle.
 12.2. Henriette, for.: Odd Stiansen og Sissel Marie f. Seljelid.
 13.2. Heidi, for.: Harald Totland og Signy f. Langeland. (I Ådland kyrkja).
 VIGDE:
 29.1. Kåre Magnar Flåm og Ingunn Nesse.

- 5.2. John Dagfinn Kjellesvik og Rigmor Karin Ravnøy.
 5.2. Kjell Even Venheim og Gunvor Alette Andersen (I Åsane kyrkja).
 12.2. Bernt Kristoffer Vik og Gudrun Elisabeth Haugland.
 12.2. Torleif Trettenes og Aaslaug Aaland.
 26.2. Johan Pritzbauer Småland og Eirin Tove Lillejord.

AVLIDNE:

- 22.1. gift bygningsmann Ivar Lundtangen f. 1913.
 30.1. jarnvegssarb.enkja Marta Gjerstad f. 1896.
 6.2. pensjonatverts enkja Nanny Magdalena Fossdal f. 1902.

DØYPTE YTRE ARNA:

- 2.1. Stig Erik, for.: Knut Ralph Elliot og Bodil f. Blindheim.
 16.1. Ken Hugo, for.: Norvald Myking og Laila Jorunn f. Mullen.
 23.1. Tore André, for.: Arvid Kalvik og Eva f. Ottermo.
 15.1. Stig Gøran, for.: Roar Olsen og Klara Johanna f. Hansen.
 30.1. Jill Iren, for.: Olav Johan Norvoll og Lillian f. Pettersen.
 6.2. Bjarte, for.: Steinar Olsen og Anna f. Rivenes.
 6.2. Ann-Margrete, for.: Henry Cato Antonsen og Marit f. Davanger.
 13.2. Harald, for.: Lars Sigbjørn Opheim og Audhild f. Abbedissen.

AVLIDNE:

- 4.1. pensjonist Alfred Hansen Småland f. 1879.
 4.1. pensjon. Yetta Odea Assersen f. 1884.
 18.1. pensjon. Sjur Småland f. 1904.
 26.1. husmor Synnøve Pettersen f. 1904.
 3.2. tekstilarb. Magnhild Julia Skaar f. 1915.

Når døden var einaste alderstrygd

Lese av gamle Johan Haugland på «Norge» 24/11 1971

Me har fenge nye tider i vårt kjære fedreland
Velstandsauken sine sider, synest nesten hjå kvar mann
Det som var er ved å svinna, for det nye trengjer på,
Og det ser ut til å vinna, ingen kan imot det stå.

Det gjev ikkje berre gleda, det som no ser dagsens lys
Dei som land og folk skal leida, ofte sterkt i ryggen frys
Her er oppløysingstendensar, brytast ned skal alle grenser

Frå den vide verda bankar på vår dør dei nye tankar,
den som opnar seg ut på fårleg spel
Simple, tarvelege skrifter, helst om mord og låge drifter,
vil forflata vår moral og folkesjel.

Fatigdomen ingen sakna; men når livsens normar rakna,
då har folket gitt seg forfallet i vald
Lat oss blåsa i luren, mot den framande «kulturen» —
Her har bondelaget fenge seg eit «kall».

* * *

Feders slit det er nok grunnen, til den velstand som er vunnen
denne sanning vil me kjennast ved
Det dei kjenna fekk på kroppen, det slapp me som er på «toppen»,
for subsidier og trygder greier det.

Setja tæring etter næring, setja ryggen til for bæring,
det var livsens rytme på ein mager gard.
Kjipa den stod høgt i æra — alt i den ein kunne bæra,
ved og torv og lyng, og det som verre var.

Arbeidshugen stor dei åtte, kampstein og røter måtte
gjeva tapt for deira sterke handemakt.
Og når grøftene dei sette, og når tuvene vart slette,
vart — so sant som det er sagt — ein provins til landet lagt.

Skrivekunsten den var liten, jussen var no so som so.
Mannens ord og handa sliten, hadde større verd enn no.
Det var slike ting som talde om ein mann var noko tess.
Det var sjeldan nokon valde, få seg rett ved ein «prosess».

Naud og sjukdom fekk dei kjenna, ingen fri for det får gå.
Men seg å til lækjar venda, ingen kunne tenkja på.
Pengane dei vart for små. Slukt med tol ein bera må.

* * *

Men der og var tider gilde, då dei fekk det som dei vilde,
og dei song og syntes vel om sine kår.
For når havren og poteta, nøgda fekk av sol og væta —
då var levemåten sikra for eit år.

Barnsleg tru på Gud dei hadde, trudde at han gav og tok,
og på sundagen dei bladde, i ei velbrukt andaktsbok.
Gløymde tid og stunder, saman med sin barneflokk,
og fekk røyna som eit under, av Livsens brød vart alltid nok.

Når klokke til høgmessa tona, då fann dei sin faste plass.
Mannen og borna og kona, i beste helgedags-stas.
Det var kje so dyre greier dei hadde å pynta seg med,
det kunne kje skaffast til vegars, men det fekk no våga seg det.
Kona med skaut og halvsid jakke, — alle hadde kje det.
Han med «lausbryst» knytt om nakke, og vadmålsdress med «kne».

* * *

Når dei gamle vart, og bøygde, og so tidt i vegen var.
Med eit lite kår seg nøgde — garden ikkje meire bar.
Fra eit lite glas i stova såg dei utover si bygd,
Stilt dei sat og venta døden, — den var deira alderstrygd.

I tanken stundom me ser dei, dei trauste kvinner og menn.
Med skapande, ærleg arbeid, byggja opp gard og grend.
No er dei alle borte, — gravene lite kjent.
Men steingard og grønne bøar, det er deira monument.

Ingen vil vel byte innatt det som var mot det som er.
Men ein ting me sjeldan finn att, — deira sterke karakter.
Aldri var det vel på «nippet», at dei braut med det prinsippet:
Ærlegdomen det varer lengst. Hjelpa kjem når mest ho trengst.

Gjevt det er vera runnen, av ei rot so sterk og sann.
Vera fri, og ikkje bunden, hava ryggrad, vera mann.
Det er arven som me fekk, då dei inn til kvila gjekk.
Lat oss minnast, der me ferdast: Arven vidare må berast.

Nils Gjerde.

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER
Bok og papirhandel
Indre Arna

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ. Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro Stålindustri.

MAGNUS BORGE

5233 Haukeland Telefon 40021

SPAREBANKEN —

Banken for innskytarane

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

HAUS SPAREBANK

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 240401, Garnes

og utsal, Espeland Tlf. 241727

ALT I GRAV- MONUMENTER

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland



Vår mann i Arna Kåre Fyllingen

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

Storebrand og Idun

Adresse: Stølv. 100 B
5260 INDRE ARNA

Preikelista

5. mars, 3. s. i fasta:

Arna: Res. kap., Ytre Arna: Soknepresten. Nattverd.

12. mars, Midfastesundag:

Arna: Soknepresten, Ytre Arna: Res. kap. Praktikantar frå M.F. preikar bae stader. Offer til M.F.

19. mars, Maria bodskapsdag:

Arna: Res. kap., Ytre Arna: Soknepresten.

26. mars, Palmesundag:

Arna: Soknepresten, Ytre Arna: Res. kap.

Skjertorsdag:

Arna: Res. kap., Ytre Arna: Soknepresten.

Langfredag:

Trengereid: Res. kap., Aldersheimen: Soknepresten.

Påskedag:

Arna: Soknepresten, Ytre Arna: Res. kap.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —